

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
Epost: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)

Stryn, 08.02.2016

## **Fv 60: Gangveg Ytre-Indre Skarstein i Olden. Oppmoding om ny vurdering.**

I reguleringsplanen for Fv60 Ugle-Skarstein, godkjend 21.12.2010, vart det vedteke å bandlegge naudsynt areal for gang- og sykkelveg på siste strekninga inn mot Olden sentrum. Gangvegen vart også regulert til å vere felles for tilkomst til fleire landbrukseigedomar.

Som lovd på folkemøte i Olden den 20.09.2012 vedtok Fylkestinget i desembertinget 2013 i FT-sak 46/13 Regional Transportplan 2014-2023, å fullføre Fv 60 Olden-Innvik, som planlagt/regulert, tidlegast mogleg i økonomiplanperioden 2014-2017.

I FT-sak 6/15 den 10.04.2015 vart det derimot vedteke at det ikkje skulle byggast ny gang- og sykkelveg på den regulerte strekninga no. Fv 60 skulle byggast med vegbredde 7,5 mtr som regulert.

Dette vart så lagt til grunn for utlysing av Fv 60 Ugle-Skarstein som har anbodsopning 09.02. kl. 13:00. I konkurransegrunnlaget er Fv 60 strekninga Ugle-Skarstein oppgitt å vere ca. 5300 mtr. inkl. Vangbergstunnelen. Strekninga mellom Ytre- og Indre Skarstein er definert å vere 1270 mtr. lang.

Vegstrekninga utanom tunnelen skal byggast i vegklasse Hø2 med total vegbreidde på 7,5 mtr. inkl. skulder på 0,75 m på kvar side.

Stortinget har vedteke ein visjon om null drepne og null hardt skadde i trafikken. Dette er også ein visjon Sogn og Fjordane fylkeskommune opplyser å arbeide etter som rettesnor.

Gjennom handlingsplanen for trafikktrygging 2014-17 som Fylkestinget vedtok i FT-sak 44/13, er det slått fast at trafikktrygging er ein viktig del av folkehelsearbeidet til fylkeskommunen, med fokus på førebygging av skader og ulukker.

Å utsette bygging av den regulerte gang- og sykkelvegen langs Fv60 Ytre-Indre Skarstein er i klar motstrid til denne planen.

Strekninga Ytre-Indre Skarstein er definert som skuleveg med under 4 km til Olden Barne- og Ungdomsskule. I tillegg har denne strekninga potensial for fleire hundre fotgjengrar og gjester til reiselivskommunen Sogn og Fjordane når det er cruiseanløp i Olden.

I Statens vegvesen si handbok N100 side 62, som ligg til grunn for all planlegging på offentleg veg, er følgjande nedfelt vedkomande løysingar for gående og syklande:

*«Det bør bygges gang- og sykkelveg når potensialet for gående og syklende overstiger 50 i døgnet eller strekningen er definert som skoleveg. Hvis det finnes et lokalt vegnett som gir sikker og god framkommelighet for gående og syklende, henvises gang- og sykkeltrafikken til dette. Dersom det er vanskelig å få til en egen gang- og sykkelveg, kan skulderen utvides til 1,5 m på begge sider. Denne løsningen bør ikke brukes på strekning definert som skoleveg.»*

Der er ikkje eit lokalt vegnett som ein kan vise mjuke trafikantar til, og Fv 60 på denne 1270 mtr. lange strekninga må i tilfelle byggast 1,5 mtr. breiare enn det krav som ligg i konkuransegrunnlaget.

Definisjonen «Bør» er på side 10 i handboka oppgitt til å vere eit krav. Om dette kravet heiter det:


*«Kravene fravikes av Regionvegkontoret. Søknad om fravik skal begrunnes, og Vegdirektoratet skal ha melding med mulighet til å gå mot dispensasjonen innen 3 uker (6 uker i perioden 1. juni til 31. august).»*

Som forskrift/Handbok N100 viser meiner vi at vegeigar bryt denne forskrifa ved ikkje å bygge gang- og sykkelvegen no, då vi ikkje kan sjå at det er søkt/handsama sak om fråvik. Ein kan heller ikkje sjå at det er søkt dispensasjon frå reguleringsplanen.

Ein vil med dette oppmode Sogn og Fjordane fylkeskommune som vegeigar og Statens vegvesen Region vest som fagmynde å medverke til at denne gang- og sykkelvegstrekninga vert bygd og opna samtidig med resten av anlegget Fv 60 Ugle-Skarstein i 2018. Ein er her klar over at Statens vegvesen, som på møte den 08.06.2015 ytra ønske om å kunne bygge gang- og sykkelvegen no, må rette seg etter politiske vedtak hos vegeigar Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Ei utsett gjennomføring av denne delen i vedteken reguleringsplan må etter vårt syn verte å påføre vegeigar/det offentlege store ekstrautgifter, samt ei unødig belastning for mjuke trafikantar og skuleelevar som ikkje har rett på kommunal eller fylkeskommunal skyss.

Med helsing  
Gode Vegar AS

  
Svein Sunde  
-dagleg leiar-  
Mob. 90159678